



## Statens vegvesen

Austrheim kommune  
Sætre marka 2  
5943 AUSTRHEIM

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:  
16/57642-13

Dykkar referanse:  
17/963

Vår dato:  
04.12.2018

### Uttale til kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018–2028 – Tredje gongs offentleg ettersyn

Statens vegvesen viser til kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune som er ute til tredje gongs offentleg ettersyn.

Statens vegvesen viser til våre tidlegare uttalar og dialogmøte om planen hos Fylkesmannen i Hordaland.

Vi har i denne uttalen to merknader som er knytt til tidlegare varsla motsegn:

#### ***Gang- og sykkelveg ved skule og barnehageområdet på Kaland:***

I samband med offentleg ettersyn av reguleringsplan for skuleområdet på Kaland var det 17.09.2018 dialogmøte hos Fylkesmannen. I dette møtet var det problematisert korleis kommunen skulle sikre at areal avsett i kommuneplanframlegget til framtidig busetnad i B36 Ekornsåta skulle sikrast trygg skuleveg fram til skuleområdet.

I møtet problematiserte vi at det i reguleringsplanen for skuleområdet berre var stilt rekkefølgjekrav til delar av den regulerte gang- og sykkelvegen. Vi føreslo på møtet at rekkefølgjekrav knytt til gang- og sykkeltilbod på nordsida av vegen vart knytt til framtidig utbygging av B36 Ekornsåta. Vi viste også til at dersom kommuneplanen gir fritak frå plankrav for å byggje 4 bustadeiningar har ikkje kommunen heimel til å stille rekkefølgjekrav slik planen no er utforma.

I brev frå Fylkesmannen i Hordaland datert 25.09.2018 med samordna uttale til reguleringsplanen (vedlagt) står det mellom anna referert følgjande frå utvida dialog med kommunen:

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Rekkjefølgjekrav til gang og sykkelveg

*Statens vegvesen presenterte sitt syn på rekkjefølgjekrav til gang og sykkelveg. Kommunen meinte den beste løysinga er å knytast rekkjefølgjekrav til gang og sykkelveg på nordsida av vegen ved framtidig bygging av B36 nord for Mongstadvegen. Kommunen kan også ta ut punkt a i føresegn § 1.2.2 i arealdelen av kommuneplanen som no er i prosess.*

Vi oppfatta det slik i dialogmøtet at kommunen skulle endre føresegn i kommuneplanen som gjaldt fritak frå plankrav for bygging av 4 bustadeiningar som referert over. Slik vi les planen no, er ikkje dette løyst. Føresegna er ikkje endra. Vi kan heller ikkje sjå at det er knytt rekkjefølgjekrav i kommuneplanen til gang- og sykkelveg før utbygging av B36.

Slik vi ser det er alternativet då at rekkjefølgjekravet vert knytt til reguleringsplanen for skule og barnehageområdet på Kaland.

Statens vegvesen ønskjer tilbakemelding frå Austrheim kommune på kva vurderingar de har gjort om dette. Det vil få betydning for vår uttale til offentleg ettersyn av reguleringsplanen for skuleområdet som har frist for uttale 15.12.2018.

**Byggjegrænse langs veg – Rammeplan:**

I vår uttale til andre gongs offentlege ettersyn varsla vi motsegn til føresegn §1.4.1 med formuleringa:

*§ 1.4.1 VA- norm og vegnorm*

*Austrheim kommune sin godkjente VA- norm og vegnorm skal leggjast til grunn ved all utbygging. Ved bygging ved, eller i fylkesveg er det Statens Vegvesen sin vegnormal som gjeld. Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse på riks- og fylkesvegar i Region vest er retningsgjevande for vegstyresmaktene si handsaming av plan- og enkeltsaker.*

*Byggjegrænse mot FV 57, FV 565 og FV 568 er 50 m frå vegmidte. Mot dei andre fylkesvegane i kommunen er byggjegrænsa 15 m frå vegmidte. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 3.*

Særleg punktet der kommunen har sett andre byggjegrænser enn rammeplanen må endrast.

I vår uttale sa vi mellom anna følgjande:

*Vi meiner kommunen må legge til grunn det som er vedtatt i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune. Her er vegane i kommunen vurdert, og dei er definert til fire ulike 2 haldningsklasser. Byggjegrænse 15 meter er kun vurdert å vere aktuelt for lokale vegar som bare har lokal funksjon. Fylkesveg 419 er ein veg med haldningsklasse 3 (byggjegrænse 30 meter) i rammeplanen. Vår vurdering er at det av trafikktryggleiksomsyn er nødvendig å oppretthalde byggjegrænse 30 meter for moglege framtidig utbetring av vegen.*

I saksframlegget til Austrheim kommune før tredje gongs offentlege ettersyn har kommunen skrive at dei vil ta omsyn til motsegna vår:

*Austrheim kommunen legg til grunn i kommuneplanen det som er vedtatt i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune når det gjeld Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrense på riks- og fylkesvegar i Region vest. Føresegner vert elles stort sett retta opp slik Statens vegvesen ber om i sin merknad over.*

Vi reknar derfor med at dette skuldast at endringa i føresegn og planskildring ikkje er fullstendig oppdatert.

**Oppsummering:**

Statens vegvesen reknar med at punktet som omhandlar byggjegrense mot fylkes- og riks veg i kommunen kan løysast ved at planskildring og føresegn til planen vert oppdatert i samsvar med saksframlegget. Når det gjeld gang- og sykkelvegen på Kaland, er det eit alternativ at rekkefølgjekravet vert knytt til reguleringsplanen for skule og barnehage på Kaland.

Vi deltek gjerne på dialogmøte som er planlagd hos Fylkesmannen i Hordaland 18. desember. Eventuelt ber vi Austrheim kommune sende oss oppdatert planskildring og føresegn der dette er retta opp.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Kari Elster Moen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg: 1

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
25.09.2018  
Dykkar dato  
19.06.2018

Vår referanse  
2017/3002 421.4  
Dykkar referanse

Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 Austrheim

### Samordna uttale til reguleringsplan for Kaland skule og barnehageområde på gnr. 130 og 131

Vi viser til melding om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Kaland skule og barnehageområde. Vi viser òg til brev av 17.12.2016 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) om vidareføring av statleg *Forsøk med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar*.

Fylkesmannen har fått høringsfrist til å gje samordna uttale til etter dialogmøte mellom kommunen, Statens vegvesen og Fylkesmannen.

#### Bakgrunn

Formålet med planarbeidet er å regulere byggjeområde for offentlig tenesteyting med skule og barnehage, og fortetting av omkringliggjande bustadområde med tilhøyrande kommunaltekniske anlegg.

I tillegg er det behov for trafikksikring langs 600 meter av fylkesveg 565, som ikkje er regulert med gang- og sykkelveg i dag. Trafikksikring for interne vegar i området samt vurdering av bustadfortetting, landbruk, friområde og strandsona er andre tilhøve som skal vurderast i planen.

#### Statleg samordning

I denne saka har Fylkesmannen motteke uttale frå Statens vegvesen (SVV), der det er peika på at deler av planen kan stride mot statlege omsyn. I uttalen vert det peika på følgjande:

#### Statens vegvesen si vurdering

Statens vegvesen meiner Austrheim kommune gjer fleire gode grep i planen for å betre trafikktryggleiken i dette planarbeidet. Planområdet ligg langs Mongstadvegen, fylkesveg 57 og fylkesveg 565, på sørvestsida av vegen. Krysset mellom fylkesveg 57 og fylkesveg 565, Leirvågkrysset, ligg sentralt plassert langs fylkesvegaksen i planområdet. Leirvågkrysset er regulert til rundkøyring i gjeldande reguleringsplan. Rundkøyringa er regulert på nytt i den framlagte planen. Planforslaget viser ny arm på rundkøyringa som blir ny tilkomst til skule og barnehageområdet. Krysset sør for rundkøyringa, der kommunal veg Vardevegen kjem ut på fylkesveg 57 Mongstadvegen, er regulert stengt, noko som er eit godt tiltak for å auke trafikktryggleiken. Det er også positivt med trafikksikringstiltak langs Vardevegen.

### *Gang- og sykkelveg:*


Det er regulert gang- og sykkelveg langs fylkesvegen på begge sider. Men det er berre rekkefølgjekrav til ein del av gang- og sykkelvegen. Statens vegvesen meiner det må knytast rekkefølgjekrav til opparbeiding av gang- og sykkelveg på begge sider av fylkesvegen. SVV ønskjer å drøfte dette med Austrheim kommune i eit dialogmøte for å sjå på kor omfattande rekkefølgjekravet bør vere. Det kan vere ei løysing at rekkefølgjekrav knytt til gang- og sykkeltilbod på nordsida av vegen vert knytt til framtidig utbygging på nordsida av fylkesvegen. I følge føresegnene til kommuneplanens arealdel § 1.2.1 er det krav om detaljregulering i område avsett til noverande bustader, men det er i § 1.2.2 a. fritak frå kravet dersom det berre vert bygd 4 bustadeiningar om gongen, sitat:

*Det kan gjevast fritak frå kravet til reguleringsplan jf. pbl § 11-9, nr 1, for følgjande tiltak:*

- a) *inntil 4 bustadeiningar dersom det vert utarbeidd og godkjent heilskapleg plan for tomtedeling og felles infrastruktur, før det blir gitt løyve til frådelling eller igangsetting av byggtiltak.*


Det må då vurderast nærare om det er tilstrekkeleg å stille krav om rekkefølgje ved framtidig bygging i B36 nord for Mongstadvegen, eller om kravet må stillast til reguleringsplanen for barnehage og barneskule som no er på høyring. Fritaket som gjeld bygging av inntil 4 einingar om gongen, kan gjere det vanskeleg å knyte rekkefølgjekrav til utbygging i B36.

Statens vegvesen meiner at det uansett må stillast krav om opparbeiding av g/s-tilbod frå og med rundkøyringa til og med busslomme på nordaustsida av Mongstadvegen, jf. utsnitt under, med raud strek:



### *Kryssingspunkt ved busslommer*

Det er regulert busslommer på begge sider av vegen sør for rundkøyringa i Leirvågkrysset. Her er det ikkje lagt til rette for opparbeiding av kryssingspunkt for mjuke trafikantar.



Fartsgrensa på staden er 80 km/t. Fartsnivået tilseier i utgangspunktet planfri kryssing dersom tal kryssingar er høgt nok. Statens vegvesen er samde med kommunen i at fartsgrensa langs fylkesvegen bør reduserast. I dette området reknar vi med at det er for få kryssingar til at krav om undergang/overgang slår inn. Statens vegvesen meiner difor det må regulerast slik at det kan byggast tilrettelagt kryssingspunkt, jf. blå stipla strek i utsnittet over. Statens vegvesen vurderer det slik at det er trong for å krysse vegen for reisande med buss, sjølv om mange skuleborn kjem med skulebuss, og andre kjem til å krysse vegen i ny gangbru ved Fønnesvågen. Tilsette ved skulen, og dei som bur i området, og dei som bur eller jobbar på eller ved næringsområdet på Mongstad har behov for å krysse vegen dersom dei kjem med buss.

I kommuneplan for Austrheim er B36 Ekornsåta lagt inn som noverande bustadområde, som nemnt i punktet over. Dersom det kjem fleire bustadar her, blir det større behov for kryssing av Mongstadvegen. Dette aukar trongen for trafikksikre kryssingspunkt.

Fylkesmannen viser elles til uttalen.

### Fylkesmannen si vurdering - dialogpunkt

Fylkesmannen har elles vurdert planen ut frå eige sektoransvar for medverknad i plansaker og har merknader på følgjande punkt:

#### *Strandsone*

Områda heilt nede i sjøkanten er i planforslaget i stor utstrekning sett av til naust. Det er også to eksisterande bustadtomter som strekkjer seg heil ned til sjøen. Etter dette er det berre tre mindre friområde som går heilt ned til sjøen.

Fylkesmannen hadde motsegn til kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes. Denne motsegna har ikkje blitt løyst og kommunedelplanen har difor ikkje rettsverknad på deler av sjø og strandsone.

Samanlikna med reguleringsplan frå 1998 er naustområda noko utvida i dette planforslaget.

Fylkesmannen er kritisk til utviding av naustområda og ytterlegare privatisering av strandsona. Vi meiner at det manglar gode vurderingar av forslagetts verknad for strandsoneverdiane og er uroa for gradvis nedbygging av strandsona. Utvidinga av BUN1 ser ut til å vere i svært bratt terreng og vi er difor uroa for landskapsverknaden her.

#### *Landbruk*

Det ligg både fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite i planområdet. Nokon av desse er sett med byggjeformål. Det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka og dyrkbar mark som mogleg.

Eit større område med fulldyrka mark er sett til LNF-spreidd bustader, fritidsbygningar eller næringsbygningar. I føresegn 3.4.3 står det:

*«LNF-areal for spreidd bustader- fritidsbygningar eller næringsbygningar (felt LS)  
Jord frå areal som vert utbygd i planområdet kan plasserast i arealformåla LS.  
Deponiområda skal med utgangspunkt i markslagskarta for dei aktuelle areala, ha minst same arealkvalitet som før anleggsarbeidet starta. Topplaget skal ha steinfri brunjord og eller mineraljord. Det skal såast til før anleggsarbeidet vert avslutta i same område. Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med fangedam o.l. Desse jordmassane må ikkje vera forureina.»*

Fylkesmannen har vore i kontakt med kommunen og det vart klart at området var tenkt som landbruksareal og ikkje som spreidd bustad/fritidsbustad/næring. Fylkesmannen si vurdering er at arealformål LNF-spreidd blir misvisande, når området er tenkt som landbruksareal som ein kan nytte til deponi av jordmassar. Det kjem heller ikkje klart fram kor mykje masser ein tenkjer seg å plassere her. Dette bør også vurderast og klargjerast i føresegn for området.

Det blir elles omdisponert litt fulldyrka areal og litt innmarksbeite til bustad og ny vegløyning.

Fylkesmannen er særleg kritisk til omdisponering frå fulldyrka jord. Ein del av BKS6 er til dømes fulldyrka areal og er i gjeldande plan sett som LNF-område. Vår vurdering er at dette bør takast ut av plan.

#### *Støy*

Det er støy frå veg i deler av planområde. I gul sone opnar reguleringsplanen for nye bustadområde og offentleg og privat tenesteyting (skule og barnehage). I føresegn 2.6 står det: *«Støyrapport datert 16.02.2018 skal liggje til grunn for vidare prosjektering og nye tiltak i områda. Avbøtande tiltak som nemnd i støyrapport skal dokumenterast i rammesøknaden.»*

Fylkesmannen har ikkje mottatt støyrapporten og veit ikkje kva avbøtande tiltak som er nemnd. Vi meiner at om dei avbøtande tiltaka er i samsvar med krav i T-1442/2016 kan dei leggjast inn i føresegna. Elles må det vere ei føresegn om at ein skal leggje krav i T-1442/2016 til grunn i vidare sakshandsaming. Vi meiner også at støysonene må leggjast inn som omsynssoner i plankartet. Fylkesmannen vil presisere at areal som ligg i gul støysone ikkje kan nyttast til uteopphald i barnehage eller skule utan at det vert utført avbøtande tiltak jf. T-1442/2016.

#### *ROS*

ROS-analysen er skrevet med god struktur og utfyllande kommentarar, noko som gjer det lett å sette seg inn i risikoane i området. Fylkesmannen har kommentarar til ROS-matrisa som er lagt til grunn. Vår vurdering er at det vert akseptert for høg risiko på fleire stader i matrisa.

Vi viser til dømes til vurdering av ulykker på veg. Vår vurdering er at tiltak er naudsyn (raudt felt) når konsekvens for liv og helse er vurdert som farleg (få men alvorlege personskadar, dødsfall kan førekoma) og sannsyn er vurdert som sannsynleg (mellom ein gong kvart år og ein gong kvart 10 år) på eit planområde av denne storleik. Vi forstår det slik at ROS-analysen har vurdert dagens trafikkløysing og at det i plan er gjort avbøtande tiltak ved mellom anna å leggje inn fortau og gang og sykkelveg i reguleringsplanen. Det er knytt rekkjefølgjekrav til dei fleste trafikktiltaka, men vi kan ikkje sjå at det er rekkjefølgjekrav til gang og sykkelveg på nordsida av fv. 565. Vi saknar også ei vurdering av risikoen etter avbøtande tiltak.

Fylkesmannen si vurdering er at ROS-analysen må rettast opp slik at den ikkje aksepterer for høg risiko og det må gjerast ein vurdering av risikoen etter utført avbøtande tiltak. Vi meiner også at det bør setjast rekkjefølgjekrav til gang og sykkelveg på nordsida av fylkesveg 565.

### **Utvida dialog med kommunen**

I tråd med rutinane for samordningsforsøket har Austrheim kommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen ønska eit dialogmøte om planen, før det vert tek stilling til om det lyt fremjast motsegn. Møtet vart halde den 17.09.2018 i Statens hus.

#### Til stades frå Austrheim

- Per Lerøy, ordførar
- Asbjørn Toft, avdelingsleiar
- Thomas Lindås, byggjesakshandsamar/jurist
- Arne Kristian Kolstad, plankonsulent

#### Til stades frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann
- Rune Fjeld, assisterande fylkesmann
- Kjell Kvingedal, avdelingsdirektør
- Egil Hauge, fagdirektør
- Hege Brekke Hellesøe, rådgjevar

#### Til stades frå Statens Vegvesen:

- Sindre Lillebø, seksjonsjef
- Kari Elster Moen, overingeniør

#### Tema som vart drøfta

Fylkesmannen ønska velkommen og dialogpunkta vart så presentert og diskutert. Nedanfor gjev vi att konklusjonane på dei ein skilde punkta.

#### Rekkjefølgjekrav til gang og sykkelveg

Statens vegvesen presenterte sitt syn på rekkjefølgjekrav til gang og sykkelveg. Kommunen meinte den beste løysinga er å knytast rekkjefølgjekrav til gang og sykkelveg på nordsida av vegen ved framtidig bygging av B36 nord for Mongstadvegen. Kommunen kan også ta ut punkt a i føresegn § 1.2.2 i arealdelen av kommuneplanen som no er i prosess.

Det skal også leggjast inn rekkjefølgjekrav om opparbeiding av g/s-tilbod frå og



med rundkøyeringa til og med busslomme på nordaustsida av Mongstadvegen.

#### Kryssingspunkt ved busslomme

Statens vegvesen presenterte så sitt syn på eit kryssingspunkt ved busslomme og moglegheita for å sette ned fartsgrensa til 60 km/t. Kommunen var samd i at dei kan leggje inn eit kryssingspunkt ved busslomma.

#### ROS-analysen

Fylkesmannen presenterte merknadene til ROS-analysen. Vi oppfatta at kommune var samd i å vurdering av risiko og sårbarheit etter avbøtande tiltak. Akseptkriteria i analysen må også vurderast på nytt.

#### Strandsona

Fylkesmannen presenterte så sitt syn på plangrunnlaget og strandsoneverdiane i område vart så drøfta. Det vart semje om at kommunen skal redusere storleiken på alle naustområda. I BUN1 skal den sørlege delen takast ut. BUN2 skal reduserast både i nord og sør, men det skal vere rom for å føre opp 2 nye naust. I BUN3 skal området nord for eksisterande naust takast ut.

Bustadformål, BFS10, i planen har bustadformål heilt ned til sjøen, med ein byggegrense lengre oppe. Fylkesmannen meiner dette som uheldig fordi det kan skape eit press på meir utbygging og ein uklarheit i kva som er rettsverknaden innanfor formålet. Det vart etter dette einigheit om å ha grønt formål mellom bustadformål BFS10 og sjøen.

#### Landbruk

Fylkesmannen presenterte så sitt syn på planens verknad på landbruksinteressene og dyrka mark. Det vart einigheit om at fulldyrka areal i BKS3 og LNF- spreidd område på gnr. 130 bnr. 3 skal leggest som LNF-formål.

#### Støy

Støy vart diskutert og det var semje om å legge inn omsynssoner for støy i planen. Føresegnene vart vurdert som gode nok.

#### Konklusjon

Fylkesmannen oppfatta at det var semje om at Austrheim kommune vil rette opp planen på dei punkta som er nemnde ovanfor.

Etter som Austrheim kommune ved det har funne det rett å utvide medverknaden, jf. plan- og bygningslova § 1-4 andre ledd., ser ikkje Fylkesmannen det som naudsynt å vurdere eventuell motsegn no. Vi legg i staden til grunn at kommunen no vil arbeide vidare med planen, for så å sende over eit endra planframlegg til vurdering.

Skulle kommunen som planstyresmakt likevel kome til at ein vil ta planen opp til slutthandsaming utan at dei endringane som vart drøfta i møtet vert tekne inn, legg vi til grunn at vi får høve til å vurdere eventuell motsegn på nytt. Vi ber om at kommunen som planstyresmakt held andre partar med interesse i planarbeidet orienterte om utviklinga og framdrifta i saka.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER